



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	22.01.2019
<b>Tid:</b>	13:30 – 17:25

### Medlemmer som møtte:

Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

### Forfall:

Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Camilla Storøy	NESTL	KRF
Olaug Andreassen	MEDL	AP

### Varamedlemmer som møtte:

Thor-Sigmund Garvik	Arnulf Goksøyr	FRP
Bjørn Otterlei	Camilla Storøy	H
Runar Stave	Olaug Andreassen	AP

### Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Hilde B. Skinnnes  
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol  
Planleggar Erlend Vikestrand  
Avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn  
Avdelingsleiar anlegg og drift Fred Arnesen

Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes vald til settevaraordførar.

Til å skrive under protokollen saman med settevaraordføraren vart desse valde:  
Ole Brubakk og Thor-Sigmund Garvik

Svein Gjelseth stilte spørsmål kring situasjonen ved Herøy Legesenter.  
Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol svarte.

**Skriv delt ut i møte:**

Tilråding frå Maritim og teknisk komite i F-sak 19/19.

Notat frå rådmannen til Kontrollutvalet

**Orienteringar:**

Rådmannen orienterte kring tilsetting av ass.rådmann og arbeidsavtale med kommunalsjef stab.

Ole Brubakk

Ann-Kathrin (Tine) Storøy  
underskrifter

Thor-Sigmund Garvik

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Protokoll frå førre møte
PS 3/19	Delegerte saker
PS 4/19	Referatsaker
PS 5/19	Budsjett 2019. Oppfølging.
PS 6/19	Herøy Vasslag SA - Søknad om kommunal lånegaranti, stor kr 5.500.000,-, for utbygging av vassforsyning til Bø og Sande
PS 7/19	Forprosjekt: Utdjuping av Fosnavåg hamn
PS 8/19	Reguleringsendring etter PBL § 12-14 - gnr. 29 bnr. 32 - slutthandsaming
PS 9/19	Grunnerverv gnr 16 bnr 3 - utviding byggjefelt Bø/Arhaug
PS 10/19	Grunnerverv gnr 16 bnr 8 - utviding byggjefelt Bø/Arhaug
PS 11/19	Grunnerverv gnr 16 bnr 10 - utviding byggjefelt Bø/Arhaug
PS 12/19	Grunnkjøp - ny bru til Herøy gard og avtale om båtplass
PS 13/19	Atle Erling Berge 34/191, 34/542 erverv av grunn
PS 14/19	Grunnerverv Nørvåg- kjøp av grunn i samband med opprustning veg og bru
PS 15/19	Grunnkjøp Myrvåg
PS 16/19	Tomtepris Myrabakken bustadfelt
PS 17/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 51210 - Myrabakken bustadfelt
PS 18/19	Tildeling av vegnamn - Huldalsbana
PS 19/19	Lokal forskrift om nedgravde oljetankar i Herøy kommune
PS 20/19	Fast driftstilskot til Sunnmørsjekta "Anna Olava"

### **Delegerte saker frå avdelingane:**

- DS 1/19 Tildeling av prikkar ved oktoberfestivalen.
- DS 2/19 Serverings- og/eller skjenkebevilling - Sofram Takeawaycatering  
Hüseyin Kadir Dikbas
- DS 3/19 Godkjenning av Styrar for salsløyve- Kiwi Eggesbønes

### **Referatsaker:**

- RS 1/19 Vedtak - Samferdselspakke Volda og Ørsta
- RS 2/19 Invitasjon til dagskurs om den nye kommuneloven
- RS 3/19 Kaier på Mjølstadneset.
- RS 4/19 Invitasjon til offisiell avslutning av Sellafeld-kampen.
- RS 5/19 Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker
- RS 6/19 Konferanse om Stad skipstunnel
- RS 7/19 Siste nytt frå Helse Møre og Romsdal i forbindelse med omstillingsprosessen

## **PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde meknader til innkalling og sakliste.

## **PS 2/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå forrige møte låg føre.

## **PS 3/19 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre.

## **PS 4/19 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre.

## **PS 5/19 BUDSJETT 2019. OPPFØLGING.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Formannskapet sluttar seg til rådmannen sine tiltak for å fylgje opp vedtaka i budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, slik dei går fram av saka.

## **PS 6/19 HERØY VASSLAG SA - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR KR 5.500.000,-, FOR UTBYGGING AV VASSFORSYNING TIL BØ OG SANDE**

### **Møtebehandling:**

Solveig Båtsvik reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Stemmedalen Vasslag.

Solveig Båtsvik vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019**

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 5,0 mill kr som Herøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til utbygging av vassforsyninga til Bø og Sande.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 5,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (5,0 mill kroner + 10 % - totalt 5,5 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Herøy kommune ynskjer på litt sikt ei samanslåing av vasslaga i kommunen og ynskjer at vasslaga jobbar vidare med det framover. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.

## **PS 7/19 FORPROSJEKT: UTDJUPING AV FOSNAVÅG HAMN**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019**

Herøy kommunestyre godkjenner forprosjektet og ber vidare om at administrasjonen held fram med arbeidet med å legge til rette for eit samla deponi på indre hamn.

I det vidare arbeidet vil det og vere naturleg å sjå nærare på ei detaljprosjektering (hovudprosjekt), men først når ein finansieringsmodell kan leggest fram for kommunestyret.

Ein finansieringsmodell skal handsamast og godkjennast av Herøy kommunestyre.

## **PS 8/19 REGULERINGSENDRING ETTER PBL § 12-14 - GNR. 29 BNR. 32 - SLUTTHANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap reguleringsendring for gnr. 29 bnr. 32 med plankart, føresegner og planomtale datert 26.09.2018.

## **PS 9/19 GRUNNERVERV GNR 16 BNR 3 - UTVIDING BYGGJEFELT BØ/ARHAUG**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Herøy kommunestyre kjøper del av gnr 16 bnr 3 i tråd med grunnkjøpsavtale datert 10.12.2018.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 59 833,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 59 833,-

## **PS 10/19 GRUNNERVERV GNR 16 BNR 8 - UTVIDING BYGGJEFELT BØ/ARHAUG**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Herøy kommunestyre kjøper del av gnr 16 bnr 8 i tråd med grunnkjøpsavtale datert 07.12.2018.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 105 300,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 105 300,-

## **PS 11/19 GRUNNERVERV GNR 16 BNR 10 - UTVIDING BYGGJEFELT BØ/ARHAUG**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Herøy kommunestyre kjøper del av gnr 16 bnr 10 i tråd med grunnkjøpsavtale datert 14.12.2018.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 368 011,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 368 011,-

## **PS 12/19 GRUNNKJØP - NY BRU TIL HERØY GARD OG AVTALE OM BÅTPLASS**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

1.

Herøy kommunestyre kjøper del av gnr 40 bnr 9 i tråd med grunnkjøpsavtale datert 06.06.2018.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 20 000,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 20 000,-

2.

Herøy kommunestyre godkjenner avtale om båtplass slik den ligg føre



## **PS 13/19 ATLE ERLING BERGE 34/191, 34/542 ERVERV AV GRUNN**

### **Møtebehandling:**

Avdelingsleiar Fred Arnesen orienterte.

Rådmannen si tilråding med endring av bruksnr 591 til 542 vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Herøy formannskap godkjenner grunnavtale med grunneigar på gnr 34 bnr 191, 542 slik han ligg føre.

## **PS 14/19 GRUNNERVERV NØRVÅG- KJØP AV GRUNN I SAMBAND MED OPPRUSTNING VEG OG BRU**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019**

Herøy kommunestyre kjøper grunn for gjennomføring av Infrastrukturprosjekt i Nørvåg i tråd med inngåtte grunnkjøpsavtalar med respektive grunneigarar.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 1 204 650,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 1 204 650,-

## **PS 15/19 GRUNNKJØP MYRVÅG**

### **Møtebehandling:**

Avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn og rådmann Olaus-Jon Kopperstad orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019**

Kommunen kjøper del av gnr 45, bnr 2 i Myrvåg, ca 65.700 m<sup>2</sup>, som vist på vedlagde kartutsnitt, heimelshavar Erling Johann Dragsund, for kr 5.440.000,-.

Grunnkjøpet vert finansiert frå ansvar 50153 Strategiske grunnkjøp

Arealet vil kunne dekkje behovet for steinuttak og deponi i ei tid framover. Etter steinuttaket, vil arealet kunne nyttast til næringstomter.

## **PS 16/19 TOMTEPRIS MYRABAKKEN BUSTADFELT**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Tomteprisen for dei kommunale bustadtomtene i Myrabakken bustadfelt vert sett til kr 672 pr. m<sup>2</sup>, i tråd med alternativ 1 i saksframlegget. I tillegg kjem utgifter knytt til taksering, oppmålingsforretning, tinglysing, m.v.

## **PS 17/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51210 - MYRABAKKEN BUSTADFELT**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019**

1. Prosjektrekneskapan vert godkjent med eit samla forbruk på 7.463.893,- kr.
2. Meirforbruk på 463.893,- kr vert dekkja inn ved låneopptak / bruk av lån.

## **PS 18/19 TILDELING AV VEGNAMN - HULDALSANA**

### **Møtebehandling:**

Avdelingsleiar utvikling Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

Formannskapet vedtek i medhald av Matrikkelloven §21 og matrikkelforskrift §51 at vegen vert namngitt Huldalsana.

## **PS 19/19 LOKAL FORSKRIFT OM NEDGRAVDE OLJETANKAR I HERØY KOMMUNE**

### **Møtebehandling:**

Avdelingsleiar anlegg og drift Fred Arnesen orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 22.01.2019**

1. Forslag til forskrift vert lagt ut på høyring.
2. Høyringsfristen vert fastsett til 2 mnd. etter handsaming i formannskapet

## **PS 20/19 FAST DRIFTSTILSKOT TIL SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"**

### **Møtebehandling:**

AP, Svein Gjelseth kom med slikt nytt punkt 1:

Formannskapet ber komite for næring, kultur og idrett innafor eige budsjett å finne rom for å imøtekome søknaden frå «Anna Olava».

Ap, Svein Gjelseth sitt nye punkt 1 og rådmannen si tilråding punkt 2 vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019**

1. Formannskapet ber komite for næring, kultur og idrett innafor eige budsjett å finne rom for å imøtekome søknaden frå «Anna Olava».

2. Avtalen mellom Herøy kommune og Eigarstyret for Herøy Kystmuseum vert å reviderast i.h.t endra føresetnader.

**MØTET SLUTT!**